

# Vikebygd i nedoverbakke 2017 – 24.6.2017

av Askev V Julsrud



## Forberedelser

Me begynte med og laga medaljane i god tid før løpet. Me pusset, svidde og boret hål i dei.

Så henta me nøklane til klubbhuset til så me kunne henta lydanlegget, stor takk til dei idrettslaget for lånet. Så satt eg og Reiar og pappa opp teltet som me skulle ha lydanlegget og kiosken i. litt seinare kom Cathrine med bollane som me skulle selje. tusen takk. I år var det 9 påmelde men det kom 12 stykkar som skulle køyre.



## Løpet

Veret i år var heilt ok. I år køyrde nokon ganske fort. Frode racet avgårde med Vilde sin olabil i ein gedigen fart. Knut hadde ein trike-sykkel som sladdet nedover løypa mens Frode skubde han ned halve bakken. Ellers var det ein god del små tekniske problemer med sambandet mellom start og mål. Det var mange kule og kreative biler i år. Rolf hadde kantklipper på olabilen sin. Team Sindre og Dag hadde ekta bilratt på olabilen deiras som dei hadde bygd i Fredrikstad. Vilde og Åsmund hadde dei same bilene som i fjor. I år var det 3 biler mer enn i fjor. Alle bollane, safta og kaffen var solgt. Eg er veldig nøgd med løpet.



## Rydding

Ryddinga gjekk ganske kjapt som i fjor. Me fekk rydda alt før me gjekk til og sova. Takk til Fredrik Sundve, Asgeir Koltveit, Cathrine Tindeland og alle andre deltakarane i løpet.

Askev W Julsrud

**Her er bilder av bilane som var med.**



Knut sin Trike



Åsmund sin bil – trofast og god – har vært med hvert år.



Vinnerbilen i år som i fjor. Både Vilde og Frode kjørte denne i år.



Rolf sin «bil», som også klippet kanten mens han kjørte.



Team SInde og Dag sin bil, med ekte bilratt. Både Sindre og Birge kjørte denne bilen.



Ella og Reiar sin tandem bil.



Askev sin olabil, med blikkbokser på slep.



Terje og Vemund sin bil.